



Stryn Arbeidarparti
V/ Kolbjørn Roset,
6783 Stryn
Telefon: 91319485
www.dna.no

Statens Vegvesen, Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep.
0033 Oslo

Nasjonal Transportplan 2014 – 2023. Fråsegn frå Stryn AP.

Større løvvingar til samferdslesektoren og raskare planprosessar.

Løvvingane til samferdslesektoren må doblast i høve til gjeldande NTP, slik at både fylkes- og riksvegnettet raskare kan utbetrast og rustast opp. Finansieringsmodellen for vegbygging må endrast til føreseieleg, langsiktig prosjektfinansiering for heile strekningar, slik at arbeidet kan gå kontinuerlig. Planprosessane må forenklast og effektiviserast for å redusere planleggingstida. Planleggingskapasiteten hos Statens Vegvesen må betydeleg aukast. Staten må kunne finansiere fleire gode norske bompengeprosjekt rentefritt. Viktigaste transportårene for næringslivet, som E6 Oslo – Trondheim, må planleggast for 4 felt.

Grunngjeving:

Rådgjevande Ingeniørers Foreining har konkludert med at 45 % auke i vegløyvinga i høve til dagens nivå, berre vil vere nok til å oppretthalde dagens standard på veg- og jernbanenettet. Det er ikkje særleg rom for bygging av nye vregar. Framlegget gjev berre rom for å ta att forfallet, samt satsing på vregar nær større byar, der det er størst trafikk, ikkje i distrikta. Fleire rapportar, m.a. frå SINTEF konkluderer med at investering i samferdsleinfrastruktur i Noreg gjev høgare avkasting enn Statens Pensjonsfond Utland. Investering i viktig infrastruktur legg grunnlaget for framtidig næringsutvikling og treng ikkje legge press på den norske økonomien. Betring av vegstandarden, framkomlegheita og rassikring er avgjerande for utvikling av næringslivet, busetnad og bulyst i heile Noreg. Lageret til næringslivet er i dag på vegane. Stengde vregar på grunn av uvær, ras, og fare for ras, kostar næringslivet store summar og fører til redusert konkurranseevne. Ein framtdsretta samferdsleinfrastruktur legg grunnlaget for verdiskaping for framtidige generasjonar. Gang- og sykkelvegar og kollektivtrafikk nær sentrum må prioriterast for å sikre dei mjuke trafikantane og redusere sentrumsnær trafikk.

Sogn og Fjordane Arbeiderparti syner til at det også er eit stort etterslep på dei tidlegare fylkesvegane i høve til rassikring og vedlikehald, som fylket ikkje maktar å fylgje opp. Difor er det svært stor trøng for større auke i vegløyvingar til fylkesvegbudsjetten.

Kolbjørn Roset
Leiar Stryn AP